


## TIL FØRESETTE MED BARN PÅ 7. TRINN

Time kommune har inngått eit samarbeid med Sterk&Klar, eit førebyggingsprogram drive av IOGT i Noreg med støtte frå Helsedirektoratet. Formidlarar frå Sterk&Klar vil kome til barne- og ungdomsskulen til barnet ditt og halde foredrag om sosialt samspel, foreldrerolla og rusførebygging frå 7. trinn til 10. trinn.



Målet med Sterk&Klar er å gjere deg tryggare i foreldrerolla. Vi ønskjer å gje deg kunnskap og verktøy som kan betre dialogen med barnet ditt inn i ungdomstida. Vi kallar foredraga våre foreldretreff, fordi vi legg til rette for samtalar mellom foreldra om tema som blir tekne opp.

I foredraga baserer vi oss på oppdatert forskning og lokale ungdatal for å beskrive ungdomars levkår i ditt nærmiljø. Samfunnsvitar og seniorrådgjevar på rusfeltet, Arne Klyve, og barne- og ungdomspsykolog, Kirsten Resaland, er faglege rådgjevarar for programmet.

Sterk&Klar har også ein podcast som heiter nettopp «Sterk&Klar». Der inviterer vi dyktige fagpersonar til å snakke om tema som kan vere nyttige for deg som føreset. Du finn podcasten på plattformer som [Spotify](#) og [Apple](#).

**Meir info om programmet finn du på vår nettside <https://www.sterkogklar.no/>**

Om du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon, ta kontakt med prosjektleiar på telefon: 476 12 591 eller på e-post: [sterkogklar@iogt.no](mailto:sterkogklar@iogt.no).

Med vennleg helsing

Sigrun Stenersen Espe,  
prosjektleiar i Sterk&Klar